

1.3 Tilbod til søkjarar med kort butid i Norge

Om du har norsknivå under B1-nivå (i det felles europeiske rammeverket for språk) vil du truleg få vanskar med å fullføre ordinær vidaregåande opplæring.

For deg som søkjar vil det då vere to alternative tilbod slik at du kan bli klar for vidaregåande opplæring:

1. Eksamensretta grunnskuletilbod (EGF) gir deg eksamenskarakterar i grunnskulefaga, og karakterane du får her vil vere grunnlaget for å konkurrere deg inn til vidaregåande opplæring. Deltaking i EGF føreset at kommunen din har avtale med fylkeskommunen om EGF tilbod. Ta kontakt med kommunen din for å avklare dette. EGF-gruppene får opplæringa si på ein vidaregåande skule.
 - Søkjarar til eksamensretta grunnskuletilbod (EGF) skal berre søkje på [papirskjema](#). (Kurskode: EGF og Kursnamn: Grunnskule, feltet for Skule skal stå tomt).
 - Frist for å søkje er 1.mars.
2. Innføringstilbod for minoritetsspråklege er eit førebuande år der målet er at du skal lære tilstrekkeleg norsk slik at du kan følgje ordinær opplæring i vidaregåande opplæring seinare. Innføringstilbodet gir deg ikkje karakterar som grunnlag for å konkurrere deg inn i vidaregåande opplæring. Kor det ev vert sett i gang innføringsgruppe vert ikkje avklara før etter 1.mars.
 - Søkjarar til innføringstilbod skal berre søke på [papirskjema](#) og i tillegg nytte [vedleggskjema til søknad om vidaregåande opplæring](#). (Kurskode: AOLOVOJ--- og Kursnamn: Innføringstilbod, feltet for Skule skal stå tomt).
 - Frist for å søkje er 1.mars.

Felles for begge tilboda:

Du må vere i aldersgruppa 16-20 år slik at du rekk å fullføre opplæringsløpet i vidaregåande opplæring innan det året du fyller 24 år.

For søking til desse tilboda ta kontakt med Yrla Klein på e-post yrla.klein@sfj.no etter 01.01.2017.